

Møteinnkalling

| | |
|------------------|--------------------------------------|
| Utval: | Styret for Fagskolen Vestland |
| Møtestad: | Nettmøte |
| Dato: | 28.04.2023 |
| Tid: | Kl. 09-12 |

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Wenche.irene.setrevik.jensen@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09-9.15 Orientering frå rektor.
Kl. 09.15-12 Sakshandsaming

Sigurd Reksnes

Styreleiar

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhold | Arkiv- saknr | U.Off |
|--------------------------|---|-------------------------|--------------|
| GK 06/23 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | 2022/486 | |
| GK 07/23 | Godkjenning av møteprotokoll frå 30.03.2023 | 2022/486 | |
| | Referatsaker | | |
| RS 05/23 | Kvartalsrapport økonomi | 2022/486 | |
| | Vedtaksaker | | |
| VS 05/23 | Årsmelding 2022 for Fagskulen | 2022/486 | |
| VS 06/23 | Tilbudsstruktur | 2022/486 | |

Saksnr: 2022/486-82
Saksbehandlar Wenche Irene Sætrevik Jensen
Dato: 24.04.2023

Til: Styret ved Fagskulen

Frå: Rektor

Rekneskap 1. kvartal 2023

I denne meldinga vert det lagt fram rekneskap for 1.kvartal 2023.

| | Administrasjon og leing | Regnskap Q1 | Note | Budsjett Q1-23 | Diff Q1-23 |
|--------------|---------------------------|---------------------|------|--------------------|--------------------|
| 388000 | Administrasjon og leing | -65 817 869 | 1 | -33 369 873 | -32 447 996 |
| 388010 | Administrasjon | 2 103 868 | | 2 036 670 | 67 198 |
| 388011 | Stab | 1 012 376 | | 939 063 | 73 313 |
| 388012 | Skolelokale/Felles | 1 099 081 | | 1 635 597 | -536 516 |
| 388013 | Fagskulestyre | 30 329 | | 74 547 | -44 218 |
| 388014 | Markedsføring | 711 185 | | 424 830 | 286 355 |
| 388015 | Semester- og studieavgift | -3 201 650 | | -1 874 250 | -1 327 400 |
| 388016 | IT | 25 019 | | 0 | 25 019 |
| 388099 | Årsoppgjer (FAH) | -43 484 836 | 2 | 0 | -43 484 836 |
| | Årsoppgjør (FAS) | -1 282 553 | 2 | 0 | -1 282 553 |
| TOTAL | | -108 805 050 | | -30 133 416 | -78 671 634 |

| | Undervisning | Regnskap Q1- | Note | Budsjett Q1-23 | Diff Q1-23 |
|--------|---------------------|--------------|------|----------------|------------|
| 388100 | Fagskole felles | 11 558 | 3 | 0 | 11 558 |
| 388102 | Elektro | 241 | 3 | 0 | 241 |
| 388105 | IT | 3 606 | 3 | 0 | 3 606 |
| 388111 | Maritim BERGEN | 695 | 3 | 0 | 695 |
| 388120 | Undervisning felles | 125 154 | | 659 736 | -534 582 |
| 388121 | Prosjekt | -4 763 010 | 4 | 0 | -4 763 010 |
| 388122 | Bygg Nordnes | 5 158 793 | | 5 710 311 | -551 518 |

| | | | | | |
|--------------|---------------------------|-------------------|--|-------------------|-------------------|
| 388123 | Bygg Førde | 3 832 647 | | 3 996 702 | -164 055 |
| 388124 | Elektro Nordnes | 6 867 790 | | 6 791 229 | 76 561 |
| 388125 | Maskin og Prosess | 5 173 211 | | 5 150 745 | 22 466 |
| 388126 | Elektro og Maskin Førde | 2 934 838 | | 3 454 032 | -519 194 |
| 388127 | Maritim Austevoll | 5 532 783 | | 5 816 265 | -283 482 |
| 388128 | Maritim Måløy | 1 791 520 | | 2 735 370 | -943 850 |
| 388129 | Petroleum og Maritim/Nygå | 1 549 814 | | 2 095 665 | -545 851 |
| 388130 | Grønne og gastronomiske | 1 244 946 | | 1 296 180 | -51 234 |
| 388131 | Anlegg Voss | 1 015 801 | | 1 163 487 | -147 686 |
| 388132 | Helse | 1 675 651 | | 1 686 882 | 11 231 |
| TOTAL | | 32 156 038 | | 40 556 604 | -8 378 104 |

| Oppdragsverksemd | | Regnskap Q1-23 | | Budsjett Q1-23 | Diff Q1-23 |
|------------------|---------------------------|----------------|--|----------------|------------|
| 388802 | Kurs og kompetanse Bergen | -744 355 | | -999 600 | 255 245 |

Note 1 Statsm. er periodisert i budsjett, men 1/2 års tilskuddet er ført i 1.kv

2 Prosjektmidler, - Disp.fond

3 Kontering på "gamle" stader (stengt for korrigerings)

4 Nye prosjektmidler kr -8 188 800 / føringer kr 3 425 790

| Konto | Rev.bud.hiå | Avvik hiå i % |
|------------|-------------|---------------|
| 1 Lønn | 42 056 868 | 6 |
| 2 Utgifter | 12 703 047 | 27,9 |

| Konto | Rev.bud.hiå | Utgift hiå | Avvik hiå i kr |
|----------|---------------|---------------|----------------|
| Fastlønn | Kr 29 964 078 | Kr 29 309 489 | -Kr 654 589 |
| Overtid | Kr 771 714 | Kr 1 577 487 | Kr 805 773 |

| RESULTAT PR Q1 | Rekneskap | Budsjett |
|------------------------|--------------------|------------------|
| Administrasjon/leiring | -108 805 050 | -30 133 416 |
| Undervisning | 32 156 038 | 40 556 604 |
| Oppdragsverksemd | -744 355 | -999 600 |
| TOTAL | -77 393 367 | 9 423 588 |

Årsoppgjøret inneholder prosjektmidler som pr Q1 ikke er detaljbudsjettert på prosjektene. Mindreforbruket på undervisning skyldes ulike forhold. På noen avdelinger er det budsjettert med flere stillinger, på andre avdelinger er det etterslep på fakturering fra innleide. Overtidskostnadene er litt høyere enn budsjettert, dette pga ledige stillinger.

Saksnr: 2022/486-83**Saksbehandlar:** Wenche Irene Sætrevik Jensen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-------------------------------|-------------|------------|
| Styret for Fagskulen Vestland | VS 05/23 | 28.04.2023 |

Årsmelding 2022 for Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Årsmelding for 2022 vert teke til orientering og sendt til skuleeigar.

Samandrag

I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2022 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, samt årsrekneskap for 2022. Det vert tilrådd at styret tek årsmeldinga for 2022 til orientering, og at den vert sendt vidare til skuleeigar

Torbjørn Mjelstad
rektorHege Aarethun
Konst. prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka


I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2022 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, samt årsrekneskap for 2022. Dette er det fyrste året skulen har vore Fagskulen Vestland.

Vedtakskompetanse

Styret er øvste styringsorgan for Fagskulen Vestland jf. fagskulelova § 9. Av vedtektene til fagskulestyret, § 2-1 andre ledd, er styret økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen. Styret er også ansvarleg for kursverksemd og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk

Konklusjon

Det vert tilrådd at styret tek årsmeldinga for 2022 til orientering, og at meldinga vert sendt vidare til skuleeigar.



Årsmelding 2022

Fagskolen Vestland



Fagskolen
Vestland fylkeskommune

Innhold

| | |
|---|---|
| 1.Styret for Fagskulen Vestland | 2 |
| 1.1. Medlemar i styret | 2 |
| 1.2. Møteaktivitet og saker som styret har handsama | 3 |
| 2. Aktivitet ved Fagskulen Vestland | 3 |
| 2.1. Visjon og strategiplan for Fagskulen Vestland 2023-2027..... | 3 |
| 2.2. Ny prorektor for utdanning | 5 |
| 2.3. Studenttimetal | 5 |
| 2.4. Utdanningstilbod og studenttal i 2022 | 5 |
| 2.5. Nye utdanningstilbod i 2022 | 5 |
| 2.6. Prosjektmidlar | 6 |
| 3. Årsrekneskap 2022 | 7 |
| 4. Styrets kompetanse og beslutningsmynde..... | 8 |

Årsmelding for Fagskulen Vestland 2022

1. Styret for Fagskulen Vestland

Styret er det øvste styringsorganet for Fagskulen Vestland, og hadde i 2022 ni medlemar. Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse stilte i møta som fast observatør.

Styret er med heimel i fagskulelova mellom anna ansvarleg for kvalitet i utdanninga, drift og dimensjonering av utdanningstilbodet ved fagskolen og studentane sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø.

1.1. Medlemar i styret

| Vår | Haust |
|--|---|
| Emil Gadolin (leiar) <i>Eigarrepresentant (A)</i> | Emil Gadolin (leiar) <i>Eigarrepresentant (A)</i> |
| Sigurd Erlend Reksnes (nestleiar) <i>Eigarrepresentant (SP)</i> | Sigurd Erlend Reksnes (nestleiar) <i>Eigarrepresentant (SP)</i> |
| Rosalind Fosse (medlem) <i>Eigarrepresentant (FRP)</i> | Rosalind Fosse (medlem) <i>Eigarrepresentant (FRP)</i> |
| Sonja Merethe Øvre-Flo (Medlem) <i>Eigarrepresentant (H)</i> | Sonja Merethe Øvre-Flo (Medlem) <i>Eigarrepresentant (H)</i> |
| Bård Sandal (medlem) <i>Eigarrepresentant (Adm.)</i> | Bård Sandal (medlem) <i>Eigarrepresentant (Adm.)</i> |
| Ann-Kristin Kristoffersen (medlem) <i>Arbeidslivsrepresentant NHO</i> | Ann-Kristian Kristoffersen (medlem) <i>Arbeidslivsrepresentant NHO</i> |
| Nils Petter Støyva (medlem) <i>Arbeidslivsrepresentant LO</i> | Nils Petter Støyva (medlem) <i>Arbeidslivsrepresentant LO</i> |
| Sjur Inge Veim (medlem) <i>Tilsettrepresentant</i> | Sjur Inge Veim (medlem) <i>Tilsettrepresentant</i> |
| Petter Reistad (medlem) <i>Studentrepresentant</i> | Trym Gudmundsen (medlem) <i>Studentrepresentant</i> |

1.2. Møteaktivitet og saker som styret har handsama

I 2022 vart det gjennomført åtte ordinære styremøtar. I tillegg vart to møter gjennomført ved eposthandsaming.

Kvart år er det nokon faste saker som vert handsama av styret og dette er: budsjett, rekneskap, tilbudsstruktur, fagskulen si kvalitetsmelding.

Andre viktige saker som vart handsama i 2022 er

- Strategi Fagskulen Vestland 2023-2027
- Studenttimetal
- Tilsetting av prorektor

2. Aktivitet ved Fagskulen Vestland

Det har vore høg aktivitet ved Fagskulen Vestland i 2022. Vidare vert dei viktigaste hendingane ved fagskulen i 2022 omtalt.

2.1. Visjon og strategiplan for Fagskulen Vestland 2023-2027

På styremøtet 08.12.22 vedtok styret Visjon og strategiplan for Fagskulen Vestland 2023-2027.

Visjonen er:

«Fagskulen Vestland – Den føretrekte tilbydaren av kompetanse for arbeidslivet i Vestland»

Fagskulen skal:

- Halde fram med vekst innan utdanningar som arbeidslivet har behov for, og som studentane ønskjer.
- Skape den beste fagskulen for både tilsette og studentar.
- Utvikle og utforske nye måtar og organisere utdanningane på. Stikkord her vert fleksibilitet og desentraliserte tilbod
- Arbeide aktivt saman med arbeidslivet om å utvikle utdanningar tilpassa deira behov. Arbeidslivet skal vere trygg på at vi er ein truverdig samarbeidspartnar.
- Ha tydeleg fokus på berekraft og grøn omstilling innan alle fagområda.
- Arbeide med FN sine berekraftsmål i alle utdanningar.
- Knyte til oss fleire dyktige lærarar slik at vi framleis kan levere undervisning på høgt nivå.
- Sjå på nye modellar og metodar for organisering av undervisninga.
- Utvikle dei åtte studiestadane som Fagskulen har gjennom mellom anna å sameine felles fagmiljø på tvers av studiestadane.
- Arbeide med å betre læringsmiljøet til dei samlingsbaserte og heildigitale tilboda.
- Arbeide for å etablere fleire «studiestover» saman med næringslag, kommunar og arbeidslivet.
- Utvikle ein heilskapleg visuell profil, slik at Fagskulen Vestland vert den naturlege karrierevegen for fleire. Vi skal bli meir synleg i det offentlege ordskiftet og synleggjere verdien av å gjere dei kloke hendene endå klokare.

Det vart vedteke at fagskulen i denne perioden skal ha tydelege satsingar innan fire strategiske område for å støtte opp under visjonen og å arbeide mot dei målsettingane som følger av den:

A: Arbeidslivsrelevans

- Vi skal ta inn det grønne skiftet som tydelege tema i eksisterande studieplanar og når vi utviklar nye studieplanar.
- Vi skal vere aktiv i satsinga innan karbonnøytrale energikjelder, sirkulærøkonomi og berekraft.
- Vi skal vere aktiv i satsinga innan digitalisering.
- Vi skal saman med arbeidslivet utarbeide nye metodar for å avdekke kompetansebehov.
- Vi skal samarbeide tett med arbeidslivet om utvikling av nye studium. Det skal etablerast faste samarbeidsforum mellom utdanningane og arbeidslivet.
- Vi skal utvikle ein internasjonal satsing som inneber mobilitet for studentar og tilsette, samarbeid om å utvikle nye utdanningar og å tilby nye utdanningar internasjonalt.

B: Profesjonalisering

- Vi skal vere ein attraktiv arbeidsplass med høg fagleg kvalitet i alle ledd.
- Vi skal utvikle gode system som har dei tilsette og studentane sine behov i fokus og som tek vare på rettigheter og sikrar likebehandling.
- Vi skal utvikle dei åtte studiestadane gjennom mellom anna å sameine og styrke fagmiljø på tvers av studiestadane.
- Fagskulen Vestland skal vere prega av gode system for medverking slik at studentane og dei tilsette kan delta med å utvikle skulen.
- Vi skal bruke dei ulike undersøkingane (studentar og tilsette) aktivt i kvalitets- og utviklingsarbeidet.
- Vi skal arbeide for å verte institusjonsakkreditert mellom anna gjennom å arbeide mot ISO-godkjenning av institusjonen innan 2024.

C: Læringsmiljø

- Vi skal ha ein institusjon prega av høg grad av studentmedverknad. Det skal etablerast lokale studentråd.
- Vi skal ha høg kvalitet i undervisninga, og god og føreseieleg oppfølging mellom samlingane for nettstudentane. Studentaktiv læringsmetodikk skal prege opplæringa.
- Vi skal utforske nye modellar for organisering av utdanningane.
- Vi skal saman med arbeidslivet, kommunar og næringslag eller liknande etablere «studiestover», slik at det vert skapt eit godt læringsmiljø for dei studentane som følgjer eit fleksibelt studieløp.
- Vi skal utvikle studentdemokratiet og bygge vidare på arbeidet med Sammen (Studentsamskipnaden på Vestlandet)
- Vi skal vidareutvikle ordninga med studentassistentar.

D: Vere synleg.

- Vi skal utvikle ein strategi for marknadsføring og kommunikasjon.
- Vi skal utvikle ein heilskapleg profil for Fagskulen Vestland.
- Vi skal delta i ulike fora både nasjonalt og regionalt og vere tydeleg i det offentlege ordskiftet.
- Vi skal halde fram med arbeidet med samarbeidsorganet Utdanning i Bergen.
- Vi skal arrangere karrieredagar saman med studentrådet.
- Vi skal etablere Fagskulen Vestland sitt alumninettverk.

2.2. Ny prorektor for utdanning

I juli vart stillinga som prorektor utdanning lyst ut. Det meldte seg 9 søkjarar. Ettar ein grundig vurdering vedtok styret 23.09.22 å tildele Eilert Årseth stillinga.

2.3. Studenttimetal

På styremøtet 08.12.22 vart modell for studenttimetal ved Fagskulen Vestland vedtatt. Bakgrunnen for dette var behovet for å harmonisere organiseringa mellom dei to tidlegare fagskulane, og samtidig tilpasse seg organiseringa ved andre fagskular.

Den nye modellen legg opp til maksimalt 900 timer timeplanfestet tid for 60 studiepoeng. Vidare gir den nye modellen auka fleksibilitet gjennom at han opnar for å flytte undervisningstimar mellom ulike emne og årstrinn innanfor dei ulike studietilboda. Denne fleksibiliteten er naudsynt for å styrke fagskulens konkurransekraft.

2.4. Utdanningstilbod og studenttal i 2022

Hausten 2022 var det til saman 1806 studentar ved Fagskulen Vestland fordelt på 32 ulike utdanningstilbod. Av dei 1806 studentane studerte 1288 ved studiar som anten var reine nettstudiar, eller nettbaserte studiar med samling, medan resterande studentar studerte ved stadbaserte utdanningar.

Våren 2022 var det 496 studentar som bestod ei utdanning ved Fagskulen Vestland. Dette er ei nedgang frå året før da det var 565 studentar som bestod ei utdanning ved Fagskulen.

2.5. Nye utdanningstilbod i 2022

I 2022 søkte Fagskulen Vestland om akkreditering av følgjande utdanningstilbod:

- Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre. (30 stp) Nettbasert med samlingar. Samarbeid mellom Fagskulen Vestland, Luranetunet og Bjørnafjorden kommune. Saka er framleis under behandling hos Nokut.
- Gastronomisk reiseliv (30 stp) Utdanningsform nettbasert med samlingar, Studiestad Hjeltnes. Saka er framleis under behandling hos Nokut.
- Pommelier (30 stp) Utdanningsform nettbasert med samlingar, studiestad Hjeltnes. Saka er framleis under behandling hos Nokut.

I 2022 starta Fagskulen Vestland opp følgjande nye utdanningstilbod:

- EX-Elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege område (10 stp) med utdanningsform Nettbasert med samlingar ved studiestad Stord og Bergen.
- Odda: Oppstart av kompetanseheving for 200 industriarbeidarar knytt til Boliden og Tizir, (no Eramet) i industri 4.0- digitalisering og robotisering.

I 2022 søkte Fagskulen Vestland om å endre følgjande utdanningstilbod:

- Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta. (60 stp) var akkreditert for utdanningsform stadbasert, søkt om å også bli akkreditert for utdanningsform: nettbasert. Videre vart det søkt om og innvilga å endre namnet på utdanninga frå «spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta» til «Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta». Videre vart det søkt om og innvilga å leggje til 4 nye overordna læringsutbytebeskrivingar. Til slutt vart det også søkt om og godkjent å leggje til Førde som studiestad.
- Psykisk helsearbeid og rusarbeid. (60 stp) var akkreditert som stadbasert, søkt om å også bli akkreditert for utdanningsform nettbasert. Videre vart det søkt om og godkjent endringar i dei overordna læringsutbytebeskrivingane slik at dei vart i samsvar med den nasjonale planen.
- Boring (120 stp). Boring gjekk frå å ha studieform «stadbasert» til også å ha akkreditering som utdanningsform «nettbasert med samlingar»

2.6. Prosjektmidlar

I 2022 fekk Fagskulen Vestland innvilga totalt kr. 16 451 497,- til seks nye prosjekt for 2022/23. Det vart søkt om midlar til nye prosjekt under ulike tilskotsordningar ved HKdir.

Tilskota var som følgjer:

| Prosjektnamn | Tilskotsgivar og ordning | Tilskot |
|--|--------------------------|-------------------|
| Industrifagskulen, rammetildeling | HKdir | 1 428 368 |
| Industrifagskulen | HKdir | 5 843 325 |
| Fagarbeiderspesialisering | HKdir | 6 950 000 |
| Oppgradering boresimulator | HKdir | 912 500 |
| Utv. Av opplæringsprogram for digital lastesimulator | HKdir | 432 800 |
| Oppgradering navigasjonssimulator | HKdir | 885 000 |
| 6 prosjekt | | 16 451 497 |

3. Årsrekneskap 2022

Rekneskapsåret 2022 er det fyrste året med samanslått Fagskule. Rekneskapen ble slått saman frå 01.08.2023. Rapporten har såleis vært krevjande å sette saman. I FAS har de hatt ein anna modell for budsjettering og rekneskap der dei mellom anna har samla undervisninga på de ulike utdanningane, men i FAV er kvar utdanning budsjetter og rekneskapsført for seg.

| STAD | TILSKOT | VLFK | TOTALT |
|--------------------|--------------------------|-------------------------|--------------------------|
| Hordaland | kr 111 045 071,00 | kr 12 785 000,00 | kr 123 830 071,00 |
| Sogn&Fjordane | kr 20 206 282,00 | kr 10 194 000,00 | kr 30 400 282,00 |
| Budsjettregulering | | kr 765 575,00 | kr 765 575,00 |
| TOTALT | kr 131 251 353,00 | kr 23 744 575,00 | kr 154 995 928,00 |

Tabell 1. Opphavelig budsjett 2022 for Fagskulen Vestland med utgangspunkt i dei gamle einingane.

Budsjettreguleringa som vert vist i tabell 1 inneheld utstyrsmidlar, oppattløyving, parkering, reguleringar mellom einingar for leige av personale, felleskostnader og utleige av simulator.

| REGNSKAP 2022 | BELØP | BUDSJETT | MEIR/MINDRE |
|---------------------|--------------------|-------------------|--------------------|
| Fellesutg | -19 028 670 | -43 822 306 | |
| Årsoppgjer (FAS) | -12 539 115 | 0 | |
| Årsoppgjer (FAH) | -17 358 438 | 0 | |
| Prosjekt | -12 452 623 | 0 | |
| Undervisning | 127 241 536 | 125 051 064 | 2 190 472 |
| Adm/Stab | 7 615 567 | 9 311 000 | -1 695 433 |
| Felles | | | |
| Førde/Måløy | 3 087 409 | 7 382 171 | -4 294 762 |
| Styret | 115 891 | 894 300 | 778 409 |
| Felles | 9 574 199 | 12 908 036 | 3 333 837 |
| Adm og leing | -107 131 460 | -86 158 174 | -20 973 286 |
| Oppdrag | 26 287 | -1 468 052 | -1 441 765 |
| TOTALT | -20 849 417 | 24 098 039 | -22 102 528 |

Regnskapstala for Fagskulen Vestland for 2022 viser et mindreforbruk i overkant av 6 mill.

4. Styrets kompetanse og beslutningsmynde

Fagskulesektoren har erfart omfattande endringar i rammevilkåra dei siste seks, sju åra. Det er store forventningar til at skuleslaget skal løyse noko av utfordringane knytt til arbeidslivets sitt kompetansebehov. Både regjeringa si melding til Stortinget, St.mld. 14 (2022-2023) Utsynsmeldinga og NHO sitt kompetansebarometer dei siste fem åra peikar på dette som kanskje den største utfordringa. Meldinga frå Regjeringa er klår, fagskulesektoren skal ha vekst, landet treng meir folk med fagskulekompetanse. Dette vart følgt opp med tildeling av nye studieplassar i statsbudsjettet for 2023. Det er venta at det vi verte ein ny opptrapping av dette for 2024 og 2025, vi treng ein organisasjon som kan bere dette. Regjeringa er også klår på kva områdar dei ønskjer vekst innan, dei tekniske faga, helsefaga og fag som arbeider med grøn omstilling. Fagskulen Vestland si strategi fangar opp desse områda på ein god måte.

Fagskulane har fått nytt direktorat (HK-DIR), same Statsråd som resten av UH-sektoren, nytt lovverk, ny finansieringsmodell, og nye ordningar der ein søkjar om utvikling og utstyrsmidlar. Dei fleste Fagskular har også gjennomgått ein strukturrasjonalisering etter som fylkesgrensene har vorte endra. Går ein tilbake til 2010 så var det 9 fagskular som var eigd av dei gamle fylkeskommunane (Hordaland og Sogn og Fjordane). I dag er det 11 fylkeskommunale fagskular i landet totalt, og same strukturrasjonalisering er såleis gjennomført i alle fylker.

Konkurransen mellom institusjonane har vorte skjerpa særleg knytt til utviklingsmidlar og diverse bransjeprogram og industrifagskoleordningar. Men også skjerpa i forhold til ny finansieringsmodell, der foreløpig 20% av tilskottet fagskulane mottok er basert på studiepoengs produksjon, det er grunn til og tur at dette talet kan verte høgare. Det betyr at konkurransen om dei mest motiverte studentane aukar.


For oss gjer dette utslag i at til dømes Fagskulen Viken har ein prosjektportefølje på 100 millionar, medan vår skule «berre» har 35 millionar. Ei noko uklår kompetanse og beslutningsmynde i eigarlinen vil etter vårt syn kunne forsterke forskjellane mellom fagskulane.

Fylkestinget vel representantar til fagskulestyret kvart fjerde år. Fagskulestyret er gitt mandat gjennom vedtekter utarbeida av Fylkestinget. Desse vedtektene vart gjennomgått og nye vart utarbeida i samband med samanslåinga. Desse vart vedteken av Fylkestinget desember 2021. I vedtektene står mellom anna at fagskulestyret har det fulle faglege oppfølging av rektor og fagskulen. Fylkesdirektøren gjev naudsynt administrativ støtte i personalforvaltninga for styret og rektor, og ivaretek det administrative personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk. Det står vidare i vedtektene at styret er økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen, vidare skal styret sikre at drifta ved skulen er i samsvar med lovar og forskrifter, og at ressursane skal nyttast effektivt, i samsvar med gjeldande reglar, føresetnader og god skikk. Vi har gjennom samspel med skulen sørga for at fagskulen Vestland har tatt ein tydeleg posisjon i utdanningsmarknaden både i høve til vekst og utvikling innan ordinære utdanningar, men også eit betydeleg arbeid i høve til å tilby kortare utdanningar som arbeidslivet har behov for. I tråd med den veksten og utviklinga skulen har er det trong for å styrke både kompetanse og tal medarbeidarar som arbeidar ved skulen. Vi opplever at det i periodar vert stilt spørsmål både i høve til styret sin kompetanse og beslutningsmynde.

Fagskulen har behov for fleire typar av stillingar enn det dei vidaregåande skulane. Fagskulen gjennomfører egne inntak, fagskulen gjennomfører egne eksamenar, lagar sin eigen strategi, skal arbeide med internasjonalisering, skrive si eiga kvalitetsmelding og søkje om midlar til både drift og utvikling. Berre i 2022 var det fem søkjarrundar arrangert av HK-DIR (Direktorat for høgere utdanning og kompetanse) som fagskulen kunne delta i. Det er stor konkurranse om midlane. Nokre midlar gjeld berre fagskulesektoren, mens andre involverer heile sektoren innan høgare utdanning, noko som skjerpar konkurransen ytterlegare.

Fagskulen driv også eiga klagenemnd og skikkanemnd; lagar egne forskifter og godkjenner egne utdanningar. Fagskulen Vestland vart fagområdeakkreditert i 2021, noko som betyr at vi sjølv gjer jobben som NOKUT normalt gjer for oss, og som stiller nye krav til kompetanse ved skulen. I starten av 2022 vedtok styret årsbudsjett der ein tok høgde for denne kapasitetsbygginga. Vi viste gjennom budsjett for 2022 at dette var innafor den økonomiske ramma. Rektor vart i dette arbeidet stoppa av tilsettingskontroll og fekk i utgangspunktet ikkje tilsette dei varsla stillingane. Rektor varsla oss om dette og vi fekk meldingar om at dette ville kunne gå utover dei som var igjen i organisasjonen og at belastninga kunne verte stor på einskilde medarbeidarar. I tillegg så blei det også peikt på at når fagskulen ikkje mellom anna får tilsett personar til å arbeide med t.d. marknadsføring så vil dette kunne gå utover innsøkinga til skulen, noko som vil vere særskild uheldig. Stillingane kom etter kvart på plass, men Fagskulen Vestland vart satt minst åtte månader tilbake gjennom denne etter vår meining unødvendige belastande prosessen.

Styret vil at Fylkestinget skal ta stilling til den kompetansen og beslutningsmynde som vi har, om den opplevast uklår. Dersom den er det så vil vi anbefale at det arbeidast ut ei ny eigarstyrings sak.



Saksnr: 2022/486-81**Saksbehandlar:** Wenche Irene Sætrevik Jensen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-------------------------------|-------------|------------|
| Styret for Fagskulen Vestland | VS 06/23 | 28.04.2023 |

Tilbudsstruktur for Fagskulen Vestland 2023-24

Forslag til vedtak

1. Det vert dobla nettklassar på automasjon og prosess ved studiestad Nordnes
2. Lokal matkultur vert vidareført studieåret 23/24
3. Automasjon nett ved studiestad Førde vert vidareført studieåret 23/24
4. Styret gir rektor fullmakt til å søkje NOKUT om flytting av studiet Leing i havbruksoperasjonar frå studiestad Måløy til studiestad Austevoll og lokalt inntak januar 2024
5. Det vert vedteke å starte opp følgjande tilbod ved Fagskulen Vestland hausten 2023:

| | Fagskulen Vestland | Nye studentar |
|----------------|--|---------------|
| Førde | Bygg FTB01N | 30 |
| | Anlegg FTB02N | 30 |
| | KEM FTB03N | 30 |
| | Bygningssakkyndig FTB58N | 30 |
| | BIM FTI53N | 25 |
| | Elkraft FTE13N | 30 |
| | Automatisering FTE01N | 30 |
| | Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi FPS10N | 15 |
| | Maskin FTT04N | 30 |
| | Handverksysting N FPS15K | 15 |
| Måløy | Maskinoffiser FTM02H | 15 |
| | Dekksoffiser FTM01H | 15 |
| Nordnes | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 40 |
| | Bygg FTB01H | 30 |
| | Bygg FTB01N | 80 |
| | Automatisering FTE01N | 80 |
| | Elkraft FTE03H | 30 |
| | Elkraft FTE03N | 80 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 30 |

| | | |
|------------------|---|-------------|
| | Maskinteknikk FTT04N | 40 |
| | Prosessteknikk FTK01N | 80 |
| | Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D | 30 |
| | Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi N FHH83N | 30 |
| | Spesialreinhold FHH10D | 20 |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54D | 20 |
| Stord | Robotteknologi og digital produksjon FTT57H | 30 |
| Nygård | Maskinoffiser FTM02H | 30 |
| | Dekksoffiser FTM01H | 30 |
| | Boring FTP01H | 40 |
| Austevoll | Dekksoffiser FTM01H | 30 |
| | Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N | 30 |
| Hjeltnes | Lokal matkultur FTK51N | 25 |
| Voss | Anlegg FTB02N | 30 |
| | Totalt | 1130 |

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbodsstruktur for Fagskulen Vestland skuleåret 2023/24. Styret for Fagskulen Vestland handsama i møte 08.12.2022 sak om mellombels tilbodsstruktur og vedtok kva tilbod som skulle lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2023. Frist for å søkje utdanning gjennom Samordna opptak var i år 15. april, og innan 2. mai må styret ha vedteke kva tilbod som skal starte opp. Det er ikkje mogleg å trekke tilbod etter denne datoen.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Hege Aarethun
Konst. prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til tilbodsstruktur for Fagskulen Vestland skuleåret 2023/24. Styret for Fagskulen Vestland handsama i møte 08.12.2022 sak om mellombels tilbodsstruktur og vedtok kva tilbod som skulle lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2023. Frist for å søkje utdanning gjennom Samordna opptak var i år 15. april, og innan 2. mai må styret ha vedteke kva tilbod som skal starte opp. Det er ikkje mogleg å trekke tilbod etter denne datoen.

Det er eit stort tal på søknadar som skal handsamast, og fristane er korte fram til styret må ta stilling til kva tilbod som skal starte. I denne saka vert det derfor vist talet på primærsøklarar, det vil sei dei søkjarane som har eit tilbod ved Fagskulen Vestland som første prioritet. Desse tala seier ikkje noko om talet på kvalifiserte søkjarar, og styret vil få meir informasjon om dette i styremøtet.

Vidare i denne saka vert det vist forslag til kva tilbod som det er ønskjeleg å starte opp hausten 2023 basert på søkjartal og andre vurderingar.

Berekning av tilbodsstruktur

Ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonell ved Fagskulen Vestland er i skrivande stund ikkje ferdig forhandla. Det er skuleeigar som forhandlar denne. Rektor har i denne saka lagt til grunn eit kostnadsoverslag berekna ut i frå eit forslag gitt til skuleeigar. Rektor vil gjere styret merksam på at berekningsgrunnlaget kan verte endra.

Ramma for Fagskulen Vestland

I budsjettåret 2023 fekk fagskulen totalt følgjande ramme med statstilskot, studieavgift og fylkeskommunalt tilskot:

Ramme 2022

| | |
|--------------|-------------|
| Statstilskot | 135 000 000 |
| Studieavgift | 7 500 000 |
| VLFK | 21 500 000 |
| | <hr/> |
| | 164 000 000 |

Tabell 1. Ramma for Fagskulen Vestland 2023

Av ramma er det vidare føreslått følgjande fordeling:

| | |
|---------------------------|--------------------|
| Ramme | 164 000 000 |
| <hr/> | <hr/> |
| Undervisning | 109 000 000 |
| Administrasjon | 17 000 000 |
| Leiing og andre kostnader | 30 000 000 |
| Ikkje disponert | 8 000 000 |
| | <hr/> |

Tabell 2. Fordeling av ramma i 2023.

Fordelinga av ramma er i tråd med budsjettet som vart lagt fram for styret 30.03.2023. Det er likevel slik at den uavklarte situasjonen kring arbeidstidsavtale gjer at vi tek høgde for justeringar. Fagskulen har fått 29,6 nye studieplassar (heiltidsekvivalentar) hausten 2023, fordelt på utdanningane:

- Velferdsteknologi
- Leiing i havbruksoperasjonar
- Psykisk helse og rusarbeid

Rektor legg i denne saka fram ei auke frå 1086 studentar i fjor til 1130 studentar hausten 2023. Dette er innafør tildelt ramme og dei nye studieplassane. Det er likevel slik at rektor vil peike på at søkjartala gjer at ei omdisponering av dei nye studieplassane vert gjort. Sjå nærare i saka.

Søkjertal våren 2023

Fagskulen Vestland har ein nedgang på om lag 9 % i søkjartalet frå i fjor i høve til primærsøklarar. Noko av forklaringa ligg i at det vart lyst ut færre studieplassar i 2023 mellom anna heiltidstilbod i Førde, justert aktivitet ved studiestad Stord, samt at Automasjon heiltid ikkje vart lyst ut ved studiestad Nordnes. Det er likevel grunn til å vere merksam på dette, sett i lys av at sektoren totalt sett har ei auke i søkjartala på 10 %. Søkjartala vart offentleg publisert 24.04.2023, og skulen sakshandsamar framleis søkjarane. På bakgrunn av dette har me ikkje fått analysert tala godt, men dette vil vi kome tilbake med til neste styremøte.

Forslag til tilbodsstruktur for skuleåret 2023/24

Vidare vert forslag til tilbodsstruktur vist, med forklaringar til tabellane og forslaget. Først vert det vist ein summert struktur, og deretter vert det vist detaljert for kvar av studiestadene.

| SUMMERT | Nye studentplassar | 2. klasse | 3. klasse | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) |
|---------------------------|--------------------|------------|------------|-------------------|-------------------|------------------------------|
| Nordnes | 590,00 | 353,00 | 197,00 | 721,00 | 715,00 | -125,00 |
| Stord | 30,00 | 44,00 | - | 29,00 | 34,00 | -4,00 |
| Nygård | 100,00 | 69,00 | - | 169,00 | 191,00 | -91,00 |
| Austevoll | 60,00 | 14,00 | - | 42,00 | 40,00 | 20,00 |
| Hjeltnes | 25,00 | 27,00 | 6,00 | 51,00 | 8,00 | 17,00 |
| Voss | 30,00 | 18,00 | 23,00 | 54,00 | 42,00 | -12,00 |
| Førde | 265,00 | 169,00 | 106,00 | 277,00 | 261,00 | 4,00 |
| Måløy | 30,00 | 27,00 | - | 41,00 | 29,00 | 1,00 |
| Fagskulen Vestland | 1 130 | 721 | 332 | 1 384 | 1 320 | -195 |

Tabell 3. Summert oversikt for Fagskulen Vestland.

Tabell 3 syner ei oppsummering av forslag til tilbodsstruktur for skuleåret 2023/24. Tabellen syner at det vert føreslått å starte opp med totalt 1130 nye studentar hausten 2023. Vidare viser tabellen at det vil gje avslag til 195 søklarar. Som nemnt er dette basert på talet på primærsøklarar, og det er ikkje klart kor mange søklarar som ikkje er kvalifisert. Talet på søklarar for 2022 viser berre søkjartala for dei tilboda som vart lyst ut gjennom Samordna opptak våren 2023, og er ikkje nøyaktige søkjertal for 2022.

| | Fagskulen Vestland | Nye studentplassar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) | Kostnad |
|---------|---|--------------------|---------------------|---------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|-----------|
| Nordnes | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 40 | 28 | 19 | 59 | 47 | -7 | 3 551 670 |
| | Bygg FTB01H | 30 | 32 | | 55 | 65 | -35 | 3 682 800 |
| | Bygg FTB01N - A | 80 | 25 | 22 | 84 | 70 | 10 | 3 838 296 |
| | Bygg FTB01N - B | | 35 | 21 | | | | 3 975 378 |
| | Automatisering FTE01N - A | 80 | 31 | 26 | 73 | 72 | 8 | 3 975 378 |
| | Automatisering FTE01N - B | | | | | | | 1 370 820 |
| | Elkraft FTE03H | 30 | 25 | | 78 | 71 | -41 | 3 348 000 |
| | Elkraft FTE03N - A | 80 | 29 | 32 | 133 | 127 | -47 | 3 975 378 |
| | Elkraft FTE03N - B | | 28 | 36 | | | | 3 975 378 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 30 | 17 | | 32 | 29 | 1 | 3 208 500 |
| | Maskinteknikk FTT04N | 40 | 29 | 19 | 48 | 56 | -16 | 3 551 670 |
| | Prosessteknikk FTK01N - A | 80 | 19 | 13 | 46 | 70 | 10 | 3 196 503 |
| | Prosessteknikk FTK01N - B | | | | | | | 1 370 820 |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54D | 20 | | | 0 | 21 | -1 | 706 800 |
| | Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D | 30 | 27 | | 70 | 38 | -8 | 1 841 400 |
| | Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi N | 30 | 12 | | 20 | 18 | 12 | 1 576 350 |
| | Spesialreinhold FHH10D | 20 | | | 0 | 31 | -11 | 706 800 |
| | Robotteknologi og digital produksjon FTT57N | | 16 | 9 | 23 | 0 | 0 | 1 701 063 |

Tabell 4. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Nordnes fordelt på klassetrinn.

Ved studiestad Nordnes er det generelt god søkning. Det er likevel verdt å merke seg den markante nedgangen innan helsefaga. Det er vanskeleg å ha nokre klår formening om kvifor dette skjer, det

må vi bruke litt tid på å analysere. Men det at det er komen ein ny aktør innan helseutdanningar på fagskulenivå i Bergen kan bety noko. Fagskulen søkte om å utvide med 30 studentar i samband med nye studieplassar, dette fekk skulen, men med den nedgangen er det ikkje moglege å starte to grupper her.

Både Automasjon og Prosess har gode søkjartal og rektor foreslår at Fagskulen Vestland doblar tal klassar både på Automasjon og Prosess. Føresetnaden er at dersom mange studentar fell frå fram mot oppstart så vert det berre ein klasse. Rektor ønskjer ikkje å starte med to klasser med 18 studentar i kvar, det er ikkje berekraftig økonomisk. Skulen vil jobbe med suppleringsopptak og marknadsføring fram mot studiestart.

| | Fagskulen Vestland | Nye studentplassar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) | Kostnad |
|-------|---|--------------------|---------------------|---------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|-----------|
| Stord | Maskinteknikk med ISO FTT65H | | 20 | | 29 | 0 | 0 | 1 674 000 |
| | Robotteknologi og digital produksjon FTT57H | 30 | 0 | | 0 | 34 | -4 | 1 674 000 |
| | Elkraft FTE03H | | 24 | | | 0 | 0 | 1 674 000 |

Tabell 5. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Stord fordelt på klasstrinn.

Ved studiestad Stord er det etter samtalar med arbeidslivet i Sunnhordland, berre eit tilbod innan Robotteknologi og digital produksjon som vert starta. Rektor foreslo i desember 2022 å flytte tilbodet frå studiestad Nordnes til Stord. Det er gledeleg at dette gjer oss fleire søkarar til tilbodet enn vi har hatt før.

| | Fagskulen Vestland | Nye studentplassar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) | Kostnad |
|--------|----------------------|--------------------|---------------------|---------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|-----------|
| Nygård | Maskinoffiser FTM02H | 30 | 22 | | 45 | 52 | -22 | 3 515 400 |
| | Dekksoffiser FTM01H | 30 | 29 | | 91 | 94 | -64 | 3 682 800 |
| | Boring FTP01N | 0 | 0 | | | 21 | | |
| | Boring FTP01H | 40 | 18 | | 33 | 24 | 16 | 3 375 900 |

Tabell 6. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Nygård fordelt på klasstrinn.

Ved studiestad Nygård er det ei god søkning. Dekksoffiser er også i år det mest populære studiet målt i tilgjengeleg studieplassar. Dei fysiske rammevilkåra gjer at vi ikkje kan opprette fleire studieplassar. Rektor la i desember fram eit forslag om at Boring skulle vurderast organisert som eit samlingsbasert studie over tre år, og ikkje ein heiltidsutdanning som har vore vanleg. Vi har totalt 45 søklarar, der fleirtalet har søkt heiltid. Rektor foreslår å vidareføre heiltidstilbod ved utdanninga innan Boring. Dei søklarane som har søkt samlingsbasert vert kontakta slik at dei kan endre søknad om dei ønskjer det.

| | Fagskulen Vestland | Nye studentplassar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) | Kostnad |
|-----------|--|--------------------|---------------------|---------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|-----------|
| Austevoll | Dekksoffiser FTM01H | 30 | 14 | | 10 | 22 | 8 | 3 208 500 |
| | Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N | 30 | 0 | | 32 | 18 | 12 | 920 700 |

Tabell 7. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Austevoll fordelt på klasstrinn.

Ved studiestad Austevoll er det ein god auke i søkjartalet på dekksoffiser. 2022 var søkjartalet særst lågt. Det vil på begge utdanningane bli gjennomført suppleringsopptak med marknadsføring.

| | Fagskulen Vestland | Nye studentplassar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) | Kostnad |
|----------|------------------------|--------------------|---------------------|---------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|-----------|
| Hjeltnes | Arborist FPS01D | | 16 | | 31 | 0 | 0 | 706 800 |
| | Lokal matkultur FTK51N | 25 | 11 | 6 | 20 | 8 | 17 | 2 934 801 |

Tabell 8. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Hjeltnes fordelt på klasstrinn.

Ved studiestad Hjeltnes er det i år berre Lokal matkultur som er lyst ut. Arborist lysast ut anna kvart år. Det er få søklarar på Lokal matkultur, men rektor vil likevel be styret om å oppretthalde utdanninga. Det er totalt 13 søklarar der åtte har dette som fyrsteval, alle søklarar er kvalifiserte. Det vil bli marknadsført og gjennomført suppleringsopptak fram mot studiestart. Studiestad Hjeltnes

skal i løpet av skuleåret 23/24 flytte inn i nye oppussa lokalar ved Hjeltnes. Dette vil vere eit godt løft både for læring og arbeidsmiljø.

| | Fagskulen Vestland | Nye studentplassar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) | Kostnad | Budsjett |
|-------------|--------------------|--------------------|---------------------|---------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|-----------|-----------|
| Voss | Anlegg FTB02N | 30 | 18 | 23 | 54 | 42 | -12 | 3 414 588 | 3 414 588 |

Tabell 9. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Voss fordelt på klasstrinn.

Ved studiestad Voss er det ingen endring, vi registrer ei nedgang i søkjartala, men framleis god nok søknad til å fylle ei god gruppe.

| | Fagskulen Vestland | Nye studentplassar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) | Kostnad |
|--------------|--|--------------------|---------------------|---------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|-----------|
| Førde | Bygg FTB01N | 30 | 17 | 10 | 24 | 15 | 15 | 3 003 342 |
| | Anlegg FTB02N | 30 | 15 | 7 | 15 | 28 | 2 | 2 934 801 |
| | KEM FTB03N | 30 | 9 | 8 | 10 | 12 | 18 | 2 878 722 |
| | Bygningssakkyndig FTB58N | 30 | 21 | 27 | 27 | 38 | -8 | 3 701 214 |
| | BIM FTI53N | 25 | 19 | | 39 | 37 | -12 | 1 627 500 |
| | Elkraft FTE13N | 30 | 28 | 27 | 52 | 49 | -19 | 3 701 214 |
| | Automatisering FTE01N | 30 | 25 | 16 | 17 | 8 | 22 | 3 059 421 |
| | Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi FPS10N | 15 | 7 | | 13 | 11 | 7 | 1 269 450 |
| | Maskin FTT04N | 30 | 13 | 11 | 15 | 18 | 19 | 2 990 880 |
| | Velferdsteknologi | 30 | | | 14 | 13 | 12 | 920 700 |
| | Handverksysting | 15 | 15 | | 51 | 32 | 17 | 1 311 300 |

Tabell 10. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Førde fordelt på klasstrinn.

Ved studiestad Førde er det ei grei innsøking. Det er likevel nokon trendar som er tydelege. Dei siste åra har studiestaden opplevd ein nedgang i søklarar til heiltidstilboda. For 2023/24 foreslår rektor at det ikkje vert oppretta noko heiltidstilbod ved studiestad Førde.

Det er også ein markant søkjarnedgang innan Automasjon ved studiestaden. Rektor er av den oppfatning at det er viktig for studiestaden å behalde tilboda, og foreslår for styret at tilboda vidareførast. Alle dei åtte søklarane er kvalifisert. Det vil bli arbeid med marknadsføring og suppleringsopptak fram til studiestart.

Studiet innan Velferdsteknologi har Fagskulen prøvd å starta tre år på rad, men skulen har ikkje nådd fram med bodskapen til potensielle studentar. Rektor vil foreslå å ikkje starte dette studiet av di det berre er tre kvalifiserte søklarar av dei 13 som er vist i tabellen.

| | Fagskulen Vestland | Nye studentplassar | Tal klassar trinn 2 | Tal klassar trinn 3 | Søklarar vår 2022 | Søklarar vår 2023 | avslag (-) / restplassar (+) | Kostnad |
|--------------|-----------------------------|--------------------|---------------------|---------------------|-------------------|-------------------|------------------------------|-----------|
| Måløy | Maskinoffiser FTM02H | 15 | 11 | | 11 | 13 | 2 | 3 069 000 |
| | Dekkoffiser FTM01H | 15 | 16 | | 25 | 10 | 2 | 3 069 000 |
| | Leing i havbruksoperasjonar | 0 | 0 | | 5 | 6 | -6 | - |

Tabell 11. Forslag til tilbodsstruktur ved studiestad Måløy fordelt på klasstrinn.

Ved studiestad Måløy er det satt opp tre tilboda skuleåret 23/24. Leing i Havbruksoperasjonar har også fagskulen fått nye studieplassar til å starta. Dette er andre året fagskulen prøver å få i gong studiet og også dette året er det låge søkjartal. Rektor vil be styret om løyve til å søke NOKUT om å flytte utdanninga til studiestad Austevoll og prøve eit lokalt inntak i januar 2024. Arbeidslivet har meldt at dette er ei utdanning som næringa har brukt for, men fagskulen når ikkje godt nok ut.

Det er ikkje gode søkjartal ved studiestaden, og vi vil bruke tida fram til oppstart med å marknadsføre ledige studieplassar innan dei maritime faga. Det er vedteke at det skal byggjast ny skule i Måløy, det vil gje studiestaden meir tidsriktige areal. Den er planlagd ferdigstilla i 2025/26.

Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høyere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbudsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at følgjande tilbodet vert starta opp ved Fagskulen Vestland hausten 2023:

| | Fagskulen Vestland | Nye studentar |
|------------------|--|----------------------|
| Førde | Bygg FTB01N | 30 |
| | Anlegg FTB02N | 30 |
| | KEM FTB03N | 30 |
| | Bygningssakkyndig FTB58N | 30 |
| | BIM FTI53N | 25 |
| | Elkraft FTE13N | 30 |
| | Automatisering FTE01N | 30 |
| | Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi FPS10N | 15 |
| | Maskin FTT04N | 30 |
| | Handverksystem N FPS15K | 15 |
| Måløy | Maskinoffiser FTM02H | 15 |
| | Dekksoffiser FTM01H | 15 |
| Nordnes | Klima, energi og miljø i bygg FTB03N | 40 |
| | Bygg FTB01H | 30 |
| | Bygg FTB01N | 80 |
| | Automatisering FTE01N | 80 |
| | Elkraft FTE03H | 30 |
| | Elkraft FTE03N | 80 |
| | Maskinteknikk FTT04H | 30 |
| | Maskinteknikk FTT04N | 40 |
| | Prosessteknikk FTK01N | 80 |
| | Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D | 30 |
| | Rehab., hverdagsmestr./velferdsteknologi N FHH83N | 30 |
| | Spesialreinhald FHH10D | 20 |
| | Klassisk bygningshandverk FTB54D | 20 |
| Stord | Robotteknologi og digital produksjon FTT57H | 30 |
| Nygård | Maskinoffiser FTM02H | 30 |
| | Dekksoffiser FTM01H | 30 |
| | Boring FTP01H | 40 |
| Austevoll | Dekksoffiser FTM01H | 30 |
| | Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N | 30 |
| Hjeltnes | Lokal matkultur FTK51N | 25 |
| Voss | Anlegg FTB02N | 30 |
| | Totalt | 1130 |